Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 9 Fylke: Vest-Agder

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Nes

Emne: Lauving. Bygdelag:

Oppskr. av: Hans Seland Gard: Seland

(adresse): Flekkefjord. G.nr. 90 Br.nr. 4

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Selandsgarden ligg i ei vesthallande lid upp frå innsjöen Selura (25 m. o. h.) Tuna på garden ligg om lag 150 m. o. h. midt i lida. I denne skoglida veks allslag lauvskog utan gråolder. Eik og ask er det mest av nedanfor husa, men og alm, osp, bjørk, lind, or. Ovanfor mest bjørk og osp, raun, hegg, selje.

Om lauving og lyngjing har eg nyleg skrive i „Grannen" nr 1 for i år (48). Her skal eg få leggja til.

A. 1. Me rispa aldri lauv til fôr. Heller ikkje raka me ihop nedblåse lauv til fôr, som bl. a. Ivar Kleiven fortel om frå si heimbygd. Kylling. Enno kyller me ask for lauvtaking.

I min ungdom fanst og eikestuvar og lindestuvar, men dei var ikkje kyllte (kjöllde) for lauvet si skuld, men lindestuvane for bastfletting og eik for skav-veden si skuld. Almestuvar fanst og. Dei vart kyllte om våren i svadingstida og borken bruka som skav. Sameleis med selja. Berre ask vert kylla for lauvet si skuld.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING Bastflettinga gjekk føre seg kring jonsok og lauvet sett inn på naustet. Om lag samstundes reiv me bjørkebork og lauvet

1677

sette me inn i utslatte-lödene, Tak-næver vart det teke vel vare på. Bjørkeborken selde me til fiskarane og bråka til eiga barking.

Me rekna at lauvet, kjervane, måtte alltid vera dogglause når dei vart innsette i löda, men det var og nok. Kjervane stod i flo på lödebotnen, og varna höyet, når det kom, mot råske frå jorda.

Vanleg lauving gjekk före seg tidleg haust mellom slått og skur, og elles så lenge lauvet var fullgrönt. Beste lauvet rekna me aske- og ospelauvet å vera. Til ospelauv bråka me sjeldan hakkesigd, det let seg lett bröyta for hand. Sameleis med ask, mykje. Hakkesigden var på skap som ein kornsigd, men tyngre og stivare. I seinare år bråka me hakkekniv som er bein, med litt frambögg mot odden. Me tok og bjørkelauv om hausten, men rekna det aldri sers verdfullt. Oreslauv av svartor tok me aldri. Det vart ikkje ete. Heggelauv heller ikkje. Lauvet vart helst stuva inn kjervd i kjervar der det enno var plass i utslåttelödene. Sume gardar kunne ha gode hellarar som dei nytta til slike- og til potetlauv.

Styva tyder her alltid å hogga eit tre ned ved rota.

Me kylla ask og lind som kvart 6-7de år vanleg.

Ei vanleg lauvbyrd var 15-20 kjervar med nykjerva lauv, 25-30 av turrt lauv.

A. 7. Det vanlege var at kvinnfolket var med i lauvinga og kjerva lauvet.

A 8. Kyrne fekk kvar sin lauvkjerv til middag.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 1677

 

Saune fekk björkelaûv samstûndes.
9. Alm, ask, osp, eik, raûn, selja (vier)
10. Nei.
11. " til alle sp. 12 fell bort.
13 ja.
14 ask, men ikkje björk. 15 fell bort.
B fell bort. Sjå ovanfor.

*

Då tôg av hamp og manilla kom i handelen til rimeleg pris varf det slutt med bastetog (kring 1900) og då samstundes „bölgeblikk" vart billegaste taktekking til ûvande tak vart det mykje godt slutt på björkeborkriving. Folk barka ikkje meir heime, sidan bygdeskomakaren slutta å reise rûndt. Så kom kraftfôr og kunstgjödsel i brûk og det fall mykje meir enghöy til fôr.

Enno vert det teke inn laûv av ask og raûn helst, når ein kan sjå seg stûnder til det, men det minkar av. Og slått på skrapslått-teiger har gått av brûk. Dei brûkast no til beite, meir.

Fl.fjord 18 mai 48

Hans Seland, 81 år.

1677
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING